

Sumverkander

Gruppe 1. God diskusjon, flest kraftutbyggjarar i gruppa. Fylkeskommunen må først ta ein diskusjon på kva som er "varemerket" for fylket. T.d. vil turisme vere viktig i nokre deler av fylket. Då må slike verdiar vektleggjast. Ulik verdisetjing i ulike geografiske område. Gruppa meiner det er rett å utarbeide ein fylkesdelplan.

Gruppe 2.

Klar usemje i gruppa, der 3 representerer næringsinteressene, medan 2 medlemmer la meir vekt på naturvern.

Grunn til å stille spørsmål til retningslinjene i OED. Det må vere meir fokus på næringsutvikling og verdiskaping i fylkesdelplanen.

Sumverknader er viktig ved vurdering av enkeltprosjekt. Rein oppteljing av prosjekt i eit område er ikkje nok. Vedisetjing av ulike tema må vere sentralt. Skepsis til inngrepsfrie område (INON), men her var det naturleg nok ulikt syn i gruppa.

Kommunedelplan som verkty? Kan vere eit eigna verkty, eks. Lærdal, men det er viktig at planen er balansert. Unngå negativ slagside.

Terje Engevik (gruppeleiar gr. 2) - supplerande innspel i etterkant av møtet:

Med ei samansetning i gruppa med klare næringsrepresentantar og klare naturvernrepresentantar vart det ikkje uventa sprik i synspunkta. Likevel prøvde vi oss med visse konklusjonar.

Spørsmål 1: Sumverknader i fylkesdelplanen: Det er relevant å sjå på sumverknader der det er klare tema/ verdiar som kan få ei miljømessig utfordring knytt til mange småkraftverk i eit område. Ei problematisering av talet småkraftverk utan at det vert knytt opp mot spesifiserte miljøutfordringar er mindre relevant. Gruppeleiaren peika på at eit småkraftverk generelt er eit gode med omsyn til verdiskaping, rein energi og klima, og at det ikkje måtte problematiserast at ein fekk mykje av eit gode i eit område, så lenge miljøulempene var små. Vidare peika han på at INON-omgrepet stort sett var lite eigna i samband med miljøvurderingar for småkraftverk på Vestlandet. Dette var det usemje i gruppa om.

Spørsmål 2: Kommuneldelplanar. Fleire såg det som ein fordel med ein plan på lokalnivået a la Lærdal. Men det vart også åtvara mot at eventuelle slike planar måtte utgjere ein balansert avveging mellom nærings- og klimaomsyn på den eine sida og miljøinnvendingar på den andre sida. Det vart peika på døme der planen hadde fått preg av ein nei-plan der fordelane med småskala kraftverk ikkje kom tilstrekkeleg fram.

Magnus Snøtun – supplerande innspel i etterkant av møtet

Generelt:

Ein fylkesplan vil vere eit godt og nyttig verktøy for politikarar som skal uttale seg om vassdragsprosjektet som dukkar opp. Planen problematiserer ein del tema som er viktige for større område og i heilskapen.

Sumverknadar:

Vanskeleg. Dette vert veldig fort mangedimensjonelt og uoversiktleg. Samtidig meiner eg det er det viktigast formålet med ein slik overordna plan. ”Kva verknad har den einskilde utbygginga for heilskapen?” – er spørsmålet fylkespolitikarane bør stille seg. Derfor er det viktig, som de har planlagt, å vise både kva som er utbygd og kva som kan kome av utbyggingar. Då kan ein t.d. diskutere om det er fornuftig å samle inngrepa i eitt område eller spreie dei ut. På same måten vert det eit problem at verneområde og verna vassdrag er utelate. Ein får ikkje på same måte ein totaloversikt. Politikarane som skal bruke planen må dermed ha ein bevisst og subjektiv vurdering av det totale bilete av naturverdiane. Eg er klar over at det også er grenser for kor mykje ein kan ta med. Eg trur det viktigaste for å få til eit praktisk verktøy til å vurdere sumverknadar er å gjere planen så oversikteleg som mogleg. Ein bør raskt få oversikten og så jobbar ein seg nedover i detaljar om det einskilde området og prosjektet.

Ein interessant problemstilling: Utbygging nær verneområde – ”naturkvalitetane er ivareteke i det verna område”, eller ”ein må verne om dei viktigaste naturkvalitetane me har og ikkje sleppe utbyggingane for tett innpå”.